

**Fra:** Sigmund Vågenes <Sigmund.Vagenes@grevstad.no>  
**Sendt:** 7. august 2018 12:33  
**Til:** Katrine Bjordal Midttun  
**Emne:** 17/2450  
**Vedlegg:** Byggesak Gbnr 2912, 57, 58 Vågenes øvre - felles slamavskiljar - søknad om løy (L)(151278)(2).pdf

Hei

Vil bare melde fra at dette tiltaket er ferdig utført, vi venter på innmåling av koordinater.  
Håper å få dette til i løpet av uka.

Vennlig hilsen  
**Sigmund Vågenes**

Telefon: 90 22 76 10



KOPI

Vågenes Vvs AS  
Nedre Sletteølen 4  
5136 MJØLKERÅEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/2450 - 17/15543

Saksbehandlar:  
Katrine Bjordal Midttun  
katrine.bjordal.midttun@radoy.kommune.no

Dato:  
18.12.2017

## Byggesak Gbnr 29/12, 57, 58 Vågenes øvre - felles slamavskiljar - søknad om løyve til tiltak- godkjenning

Delegasjonssak nr.: 292/2017

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

**Adresse** : Vågenesvegen  
**Tiltakshavar** : Kåre Vågenes  
**Ansvarleg søker** : Vågenes VVS AS  
**Søknadstype** : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av slamavskiljar på eigedom gnr. 29 bnr. 12.

Det er i sak 16/426 datert 13.04.2016 gjeve utsløppsløyve etter forureiningslova for etablering av slamavskiljar på denne eigedomen.

Anlegget vert knytt til tre einebustadar, ein eksisterande bustad på gnr. 29 bnr. 12 og to framtidige einebustadar på gnr. 29 bnr. 57 og 58.

Det vert elles vist til søknad mottatt **14.12.2017**.

#### Planstatus

Tiltaket ligg innafor området som i kommuneplan for reguleringsplan for Havgard fjordferie planid. 12602013000300 som er definert som friområde. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering ikkje i tråd med planen.

### **Dispensasjon**

Tiltaket krev dispensasjon for å plassere slamavskiljaren på eit areal som i reguleringsplanen er regulert til friområde.

Den **13.04.2016** er det i vedtak gjeve dispensasjon for å plassere slamavskiljaren på eit areal som i reguleringsplanen er regulert til friområde. ( Løyve gjeve i sak 16/426).

### **Vedtak:**

***Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve DISPENSASJON frå arealformål i reguleringsplan for plassering av slamavskiljar i areal som er regulert til friområde i reguleringsplanen for Havgard fjordferie på følgjande vilkår:***

*1. Slamavskiljar skal plasserast og dekkast til med stadeigne massar slik at den er minst mogleg synleg og inngår som ein naturleg del av terrenget.*

### **Nabovarsel**

Søknad om etablering av slamsskiljar er ikkje nabovarsla. Radøy kommune legg til grunn at tidlegare nabovarsling i samband med utsleppsløyve etter forureiningslova er tilstrekkelig nabovarsling og dekker også dei arbeida som er knytt til etableringa av anlegget.

### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart i målestokk 1:5000 eller større, jf. Forureiningsforskrifta § 12-14 nr. 1 d.

### **Terrenghandsaming**

Det er ikkje søkt om terrengendringar. Radøy kommune legg til grunn at tiltaket vert utført utan vesentlege terrenginngrep.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

### **Flom, skred og andre natur- og miljøforhold**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flom, skred eller andre natur- og miljøforhold som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommune har lagt denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med Forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK17).

### **VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:**

## Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

## Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Vågenes VVS AS**, org.nr. **998208424**, har erklært ansvarsrett som ansvarlig søker (**SØK**). Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområde.

Føretaket **Vågenes VVS AS**, org.nr. **998208424** har erklært ansvarsrett for ansvarsområde prosjektering (**PRO**) for ny vassleidning, septiktank mm. vist i plan. Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Vågenes VVS AS**, org.nr. **998208424** har erklært ansvarsrett for ansvarsområde utføring(**UTF**) av ny vassleidning, septiktank mm, vist i plan. Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

FØRETAK	S*	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVAR SOMRÅDE
Vågenes VVS AS, org.nr. 998208424	-	SØK	1	Ansvarleg søkjar
Vågenes VVS AS, org.nr. 998208424	-	PRO	1	Prosjektering, ny vassleidning, septiktank mm, vist i plan
Vågenes VVS AS, org.nr. 998208424	-	UTF	1	Utføring, ny vassleidning, septiktank mm, vist i plan

S\* =Sentralgodkjenning

## Vedtak:

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 (bokstav a) vert det GODKJENT søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn om etablering av slamavskiljar og vassleidning som omsøkt på følgjande villkår:**

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at tiltaket vert utført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.

4. Tiltaket skal knytast til privat avløpsanlegg i samsvar med utsleppsløyve i sak 16/426, og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.
5. Før det vert gjeve ferdigattest for tiltaket må følgjande liggje føre:
  1. Faktisk plassering av tiltaket må vere innmålt, og koordinatar sendt kommunen.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 30.03.2017 vert det følgjande gebyr i saka:

<b>Kode 10.2.10</b>	Delt sakshandsaming	kr	<u>3 200</u>
		<b>Totalsum</b>	<b>kr 3 200</b>

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf plan- og bygningslova § 21-4, sjette ledd.

### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søker stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det gjenstår mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere gjenståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillende tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest vert utskrive.

**Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 17/2450

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt jurist byggesak Katrine Bjordal Midttun.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Katrine Bjordal Midttun  
jurist byggesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Vågenes Vvs AS

Nedre Sletteøsten 5136  
4

MJØLKERÅEN

**Mottakere:**

Kåre Vågenes

Vågenesvegen 140 5936

MANGER